

**Tysdag 6. mai er det igjen tid for OPPTUR, som i vårt distrikt går til Vardhaugselet og er for ungdomsskule-elevar. Turdagen er for elever i ungdomsskule-elevar over heile landet og har rekord-oppslutnad med over 32 000 elevar. Kvinnherad Turlag er ansvarleg for arrangementet, som går frå Valen og via Nordfjell til Vardhaugselet. Returen er via Oldervotn og ned att til Valen**

Det vert 100 prosent oppslutnad frå 8-trinnet ved ungdomsskulane i Rosendal, Husnes, Hatlestrand, Åkra og Øyatun. Arrangementet er flytta frå dagen etter grunna kollisjon med eit MOT-arrangementet på den nasjonale turdagen. Men opplegget vert likevel det same.

Frammøte og start er ved velferdsbygget på Valen klokka 9.30 og elevane kjem dit med buss. Alle startar på ein gong. Ynskjer nokon ytterlegare opplysningar kan dei ringa til Anne Kari Enes på 951 96467

Tekst og nett; Ola Matti Mathisen